



Ein folketalsnedgang på heile 25 personar i 2017 var ei uventa utvikling i ei sentrumsbygd som Uskedalen.

Det er registrert ein folketalsnedgang i Uskedalen på heile 25 personar i 2017. Det var ei uventa utvikling når vi veit at Uskedalen dei siste åra har vore ei bygd i utvikling på mange område. Frå 2015 til 2016 hadde bygda ein auke i folketalet på 17 personar til totalt 1074 innbyggjarar. Så kom nedgangen på 25 personar frå 2016 til 2017. Talet 1049 innbyggjarar er registrert i januar 2018.

Uskedalen.no kjenner ikkje til bakgrunnen for desse tala. Det er noko vi vil finna meir ut av. Det er velkjend at folketalutvikling har samanheng med arbeidsplassar, tilgang på eit variert butilbod, god infrastruktur med gode tenester innan skule, barnehage, kultur og fritidsaktivitetar. Servicefunksjonar innan handel er viktig for å halda på eit stabilt folketal. Faktorar som mellombels busetjing av flyktningar og gjestearbeidarar kan vera ein medverkande faktor for nedgangen.

2015 var eit godt år med mange ferdigstilte husvære. Året etter var det nedgang i nyinnflytta hus. Vi kjenner ikkje tala for 2017.

Statistikken syner at bygder som Uskedalen, Valen og Sunde har størst tilbakgang. Bringedalsbygda, Husnes og Rosendal har størst auke. Den totale tilbakegangen for Kvinnherad er på 43 personar. Trenden dei siste åra der sentrumsbygdene har størst auke, er med dette ikkje eintydige. Det er difor uventa at Herøysundet har ein auke i folketalet på heile 34 personar.

Uskedal utvikling vil alt på årsmøte onsdag 7. februar ha fokus på elev- og folketalsutvikling. Dersom årsmøte ynskjer det, vil det verta laga eit prosjekt med tiltak for korleis folketalet kan aukast i åra framover.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal